

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim	FA - C10	18/1453

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
26/2018	Ungdomsrådet	PS	07.06.2018

Det årlege møtet for 2018 mellom Ungdomsrådet, ordførar og rådmann

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I Retningsliner for Ungdomsrådet i Meland kommune er det i punkt 6.2 lagt opp til at Ungdomsrådet skal ha møte med den politiske og administrative toppleiringa i kommunen minst ein gong kvart år.

Vurdering

Ungdomsrådet har spurt ordførar og rådmann om å møte, og ønskjer å nytte høve til å spørje om aktuelle saker og å legge fram sine synspunkt.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Det årlege møtet etter punkt 6.2 vert gjennomført.

Framlegg til vedtak:

Ungdomsrådet tek orienteringar og svar til vitande.

Ungdomsrådet - 26/2018

UR - behandling:

Ungdomsrådet hadde pizzadialog med rådmann Martin W. Kulild og ordførar Øyvind H. Oddekalv. Nestleiar Jonas Askeland leiar møtet.

Det er ei aktuell sak i media om at ungdomsråd bør lovfestast – kva meier de om dette?

Ordførar: Ungdomsrådet har ein viktig rolle som talerør for ungdommen i kommunen – dette er ei viktig oppgåve.

Kva skjedde vidare med kyrkje/kulturhus?

Ordførar: Den kommunale delen vil ikkje bli ein del av prosjektet vidare. Vedtaket om å bygge kyrkja står.

Vil gravplassen bli flytta ved bygging av ny kyrkje?

Svar: Nei, den er tenkt vidare der den er i dag.

Kommunesamanslåing – korleis vil de sikre dykk at ungdommen vert hørt i den nye kommunen?

Svar: God representasjon frå alle dei tre kommunane må sikrast i Alver ungdomsråd.

Det er planlagt mange nye bygg – kva skjer med vegane? Har de ein plan for dette?

Svar: Ordførar informerer om planar for veier/Nordhordlandspakken. Rådmann: gåande skal være prioritert i utbygginga i strekket mellom Langelandskogen/Frekhaug kai.

Nestleiar Jonas Askeland takkar for kommunens prioritering av Meieriet og ungdomsklubben der og at Meland investerer i framtida.

Susanne Slettebakken informerer om Ungdomsrådas felles nemnd med tre representantar frå kvart ungdomsråd. Dei ønskjer å invitera ulike leirarar til kafedialog i løpet av neste år.

Ordførar: inviterer Ungdomsrådas fellesnemd til å presentera seg i fellesnemda, og synes det er veldig positivt at dei er i gang.

I forhold til voldsepisodar i ungdomsmiljøet/nærmiljøet – kva gjer kommunen?

Ordførar: Enkeltepisodar må handterast av politiet. Meland kommune satsar på ungdomsklubb har tilsett leiar i prosjektet «Trygt og godt oppvekstmiljø», og har god kontakt med politi og andre etatar som jobbar med ungdom.

Rådmann: Kommunen kan ikkje løysa problema med mobbing - det er alle innbyggjarane sitt ansvar å stoppa mobbing, men kommunen prioriterer og legge til rette for arbeidet.

Buss /transport: Vert busstilbodet betre?

Svar: Det vert meir pengar til hurtigbåten. Buss vert billigare (same sone som Bergen), men ordførar oppmodar ungdomsrådet til å spele inn forslag og påverke gjennom ungdommens fylkesråd.

Spørsmål frå ordføraren: Korleis går samarbeidet mellom ungdomsråda i Alver?

Susanne Slettebakken svarar: møter 2-3 gonger pr. halvår, arrangerte storsamling med alle tre råda i februar.

Rus i ungdomsmiljøa: Kva tiltak har kommunen for å reduserer dette?

Ordførar: satsing på ungdomsklubb, prosjekt «Trygt og godt oppvekstmiljø», godt samarbeid med politi og andre instansar og auka fokus på tema i skulane.

Rådmann: byggje gode miljø som er trygge.

Nestleiar Jonas Askeland takkar for møtet og soppsummerer med at samarbeidet mellom ungdomsrådet og administrasjon/politikarar er god og at UR føler dei vert høyrte.

UR - vedtak:

"Ungdomsrådet tek orienteringa til vitande"